



Arkivnr: 2014/19554-5

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Erlend Hofstad

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                     | Saknr. | Møtedato   |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet |        | 11.11.2015 |
| Fylkesutvalet             |        | 18.11.2015 |

## Forslag om freding av Sandviksbodene 78 B. Høyringsfråsegn

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga har i medhald av Lov om kulturminne § 15, jf. § 22 utarbeidd forslag til freding av Sandviksbodene 78 B i Bergen kommune. Fredingsforslaget er no lagt ut til offentlig høyring, med uttalefrist 23. november 2015. Fylkeskommunens politiske organ er i fredingssaker førebudd av fylkeskommunen ein høyringsinstans.

Sandviksbodene 78 B er ein sjøbod i Sandviken i Bergen, bygd tidleg på 1800-talet. Som den aller siste sjøboden i Bergen var den i bruk som tørrfiskbod heilt til 2002. Bodene står i praktisk talt same stand som då tørrfiskverksemda vart avslutta og er med det eit særst autentisk minne om denne tradisjonsrike og viktige næringa. Bygningen er òg blant dei aller største av dei bevarte sjøbodane i Bergen. Fredinga vil ikkje vera til hinder for vidare bruk av bygningen.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for Sandviksbodene 78 B. Fredinga vil gi eit varig vern til ein av dei største og mest autentiske av dei bergenske sjøbodane.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Fredingsforslag Sandviksbodene 78 B
- 2 Kulturminnedokumentasjon Sandviksbodene 78 B

## Fylkesrådmannen, 22.10.2015

### Bakgrunn

Sandviksbodene 78 B, også kalla Holmefjordboden, er ein sjøbod oppført i eller kort før 1804 av bergenskjøpmannen Johan Ernst Mowinckel. Boden tente som lager for varene han handla med: eksport av tørrfisk og andre fiskeprodukt, og import av m.a. korn og kolonialvarer. Bygningen var i bruk som tørrfiskbod heilt til 2002, som den aller siste sjøboden i Bergen. Boden har tre etasjar og valmtak og er ein lafte- og stolpeverkskonstruksjon kledd med liggande, kvitmåla panel. Opphavleg var boden innvendig delt opp i lafta lagerrom med svalgangar utanfor, men dei indre veggene er for ein stor del fjerna på første del av 1900-talet og erstatta med stolper og dragarar slik at det er danna store, opne rom. Den noverande takforma er frå 1950-åra.

Hordaland fylkeskommune varsla 10. oktober 2001 oppstart av fredingssak for eigedomen. Boden hadde då lenge vore rekna som fredingsverdig, og i samband med planar om ominnreiing vurderte ein freding som aktuelt. I 2006 fatta Bergen kommune – som på det tidspunktet hadde delegert mynde etter kulturminnelova – vedtak om mellombels freding, for å formalisera bygningens status som fredingsobjekt inntil eit endeleg fredingsvedtak låg føre.

Det er ein føresetnad at eit mellombels fredingsvedtak vert følgt opp av ei ordinær fredingssak. Fylkeskommunen meldte ny oppstart av fredingssak i 2013 og har utarbeidd det forslaget til fredingsvedtak som no ligg føre. I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vert det sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

### Vurdering

Sandviksbodene 78 B er eit karakteristisk og godt bevart døme på ein bergensk sjøbod, som mellom dei bevarte sjøbodane peikar seg ut som særleg verdifull. Boden står i praktisk talt same stand som då tørrfiskverksemda vart avslutta og er med det eit særst autentisk minne om den siste fasen i denne tradisjonsrike og viktige næringa. Bygningen er blant dei aller største av dei bevarte sjøbodane i Bergen og er samstundes representativ for desse, både i den opphavlege utforminga og med dei endringane som er gjort seinare. Dette gir bygningen høg arkitektonisk og bygningshistorisk verdi. Som den aller siste boden der det vart lagra tørrfisk har han fått ein eigen symbolverdi.

Sett under eitt har sjøbodane i Sandviken og elles i Bergen stor kulturhistorisk verdi. Dei er eit minne om byens rolle som knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket, som i mange hundreår var det økonomiske grunnlaget for byen. Om lag ein femdel av sjøbodane i Sandviken står att i dag, og ut frå ei samla vurdering går fylkeskommunen inn for å sikra eit representativt utval av desse gjennom vedtaksfreding. Sandviksbodene 78 B peikar seg då ut som ein av dei mest autentiske, og som den staden der den tradisjonelle tørrfiskverksemda heldt seg aller lengst.

Freding etter kulturminnelova er det sterkaste verkemiddelet kulturminneforvaltninga har for å sikra at nasjonalt viktige kulturminne vert tekne vare på for ettertida. I Stortingsmelding nr. 16 (2004 – 2005) *Leve med kulturminner* er det slått fast som eit strategisk mål for kulturminnepolitikken at «et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning». Sandviksbodene 78 B er eit vitnesbyrd ikkje berre om den bergenske byggjeskikken og handelsverksemda, men òg om det maritimt baserte ressursgrunnlaget og næringslivet i kyst-Noreg som heilskap gjennom eit særst langt tidsrom. Fredinga vil difor vera eit bidrag til ei representativ fredingsliste, noko som er eit hovudperspektiv i den fredingsstrategien som Riksantikvaren nyleg har gjort ferdig.

Generelt er det ein føresetnad for eit godt og berekraftig vern at kulturminna er i bruk. Det siste tiåret har bygningen vore nytta som m.a. klubb- og selskapslokale. Kombinert med ein aktiv bevaringsvilje frå eigaren har dette vist at ivaretaking av kulturminneverdiane lar seg kombinera med ny bruk. Dersom det av omsyn

til bruken er trong for mindre tilpassingar av bygningen, vert det opna for dette gjennom den ålmenne moglegheita i freda kulturminne til å gi dispensasjon for mindre vesentlege inngrep. Riksantikvaren har understreka dette aspektet ved å føreskriva ein løysingsorientert dispensasjonspraksis (jf. «Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)»).